
Fra: Øyvind H Oddekalv
Sendt: tirsdag 10. desember 2019 14:05
Til: Postmottak Meland
Emne: Fwd: Gjeld busstilbudet mellom Flatøy og Frekhaug

Videresendt melding:

Fra: Gudrun Einbu <Gudrun.Einbu@skyss.no>
Dato: 10. desember 2019 kl. 13:29:24 CET
Til: Øyvind H Oddekalv <Oyvind.Oddekalv@meland.kommune.no>
Kopi: Målfrid Vik Sønstabø <Malfrid.Vik.Sonstabo@skyss.no>
Emne: **VS: Gjeld busstilbudet mellom Flatøy og Frekhaug**

Hei,

Takk for konkrete innspel til eit betre kollektivtilbod. Vi har gjort liknande vurderingar, og ser behovet for fleire avgangar mellom Frekhaug og Flatøy. Når dei økonomiske rammene for neste års produksjon er på plass, tar vi dette behovet med i vurderinga av moglege tiltak for å styrke tilbudet.

Helsing

Gudrun Einbu
Kst. leiar avdeling Trafikktilbod

Skyss | Postboks 7900 | 5020 Bergen
Mob.: (+47) 991 58 084
skyss.no | www.facebook.com/skyss.no

Fra: Øyvind H Oddekalv <Oyvind.Oddekalv@meland.kommune.no>
Sendt: fredag 6. desember 2019 13:29
Til: Skyss - Postmottak <Skyss@skyss.no>
Kopi: Meland kommune <Postmottak@meland.kommune.no>; Målfrid Vik Sønstabø <Malfrid.Vik.Sonstabo@skyss.no>
Emne: Gjeld busstilbudet mellom Flatøy og Frekhaug

Til Skyss

Det er etter fleire førespurnader frå innbyggjarar til ordførar dette blir skrive. Det gjeld busstilbudet mellom Flatøy og Frekhaug på ettermiddag og kveld. I denne tida er det mange innbyggjarar i Meland kommune som nyttar seg av kulturtilbod i Bergen. Dette kan vere både kino, teater, konsertar m.m.

Det er fleire ruter mellom Bergen og Flatøy som ikkje har korrespondanse vidare til Frekhaug, men berre går til Knarvik. Dette medfører at mange likevel må bruke bilen, og difor vel vekk å reise kollektivt. Dette gjeld for så vidt både kvardag og helg, og medfører at det reelt er stor skilnad på busstilbudet til/frå Bergen avhengig av om du bur på Frekhaug eller Knarvik.

Det er særskilt rutene på kvardagar kl. 19.00, 20.00 og 21.00 frå Bergen, høvesvis kl. 19.40, 20.40 og 21.40 frå Flatøy, eg vil vise til i dette brevet. Eg vil be om at de vurderer korrespondanse mellom Flatøy og Frekhaug på desse rutene. Dette er populære ruter som det er viktig blir vurdert oppretta.

Dette har stor innverknad på korleis ein ser på busstilbodet mellom Frekhaug og Bergen, spesielt sidan det er eit tilbod til Flatøy/Knarvik på desse avgangane.

På førehand takk.

Beste helsing

Øyvind H Oddekalv
ordfører



56 17 10 00 | 56 17 10 25 | Mob: 913 17 450

oyvind.oddekalv@meland.kommune.no | www.meland.kommune.no

[Sjå brosjyren vår](#)

 **Tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten.**